



MØTEPROTOKOLL

Utval Administrasjonsutvalet
Møtestad: Rådhuset
Møtedato: 30.11.2017

Start kl.: 13.30
Slutt kl.: 14.45

Til stades på møtet

Medl.: Arbeidstakarrepresentantar: Mary Karin Sagerøy, Svein Bjarne Steig.
Arbeidsgjevarrepresentantar: Ivar Kvalen (leiar), Marit Aakre Tennø
Forfall: Arbeidsgjevarrepr. Morten Johan Vigdal
Varamedl.: -
Frå adm. (evt. andre): Rådmann Jarle Skartun, Olaug Marie Bjelde.

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.
Rådmann informerte om at han kjem tilbake til administrasjonsutvalet sin kommentar i protokollen frå sak 11/17 – oppfølgingssak etter temadagen om » Partssamarbeid».

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
12/17	17/4704 Godkjenning av møtebok
13/17	17/4707 Orienteringssaker
14/17	17/3777 Budsjett 2018, økonomiplan og planleggingsprogram 2018-21
15/17	17/4705 Open post

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

12/17

Godkjenning av møtebok

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteboka.

VEDTAK:

Møteboka frå møtet den 19.04.17 vert godkjent.

Mary Karin Sagerøy og Marit Aakre Tennø vart valde til å skrive under på møteboka.

[Møtebok 19.04.17.](#)

13/17

Orienteringssaker

Handsaming:

a) Arbeid med Heiltidskultur

Handsaming:

Det vart informert om resultatet av kartleggingane i 2017 der ein har bedt fast deltidstilsette registrere ynskje om auka stillingsprosent. Det vart og informert om arbeidet til arbeidsgruppa som skal lage framlegg til lokale retningslinjer for heiltidskultur, jf. Hovudtariffavtalen.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

Administrasjonsutvalet understreka at det i retningslinene for heiltidskultur bør gå tydeleg fram at tilsette ikkje kan sei opp deler av stillinga si og rekne med å behalde så stor stillingsprosent som dei ynskjer. I nokre saker vil arbeidstakar og arbeidsgjevar ha samanfallande interesse.

Vidare at tilsette ikkje har krav på heil eller delvis permisjon utover dei årsakene og tidsromma avtaleverket, Arbeidsmiljølova og permisjonsreglement opnar for.

b) Lærlingar

Handsaming:

Det vart informert om inntak og oppstart for 6 nye lærlingar sommaren og hausten 2017, avslutning/fagprøve for dei som har fullført, nokre lærlingar som har brukt lenger tid, organisering med faste rotasjonsplanar, oppfølginga av både faglege leiarar, einingane som har lærlingar, lærlingane – og samarbeidet med Sogn Opplæringskontor. Det vart og informert om komande prosess med tanke på utlysing og rekruttering av nye lærlingar i 2018.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

Administrasjonsutvalet syns det er positivt at kommunen har eit høgt tal lærlingar og lærlingar innanfor ulike fag.

c) Lokale lønstingingar

Handsaming:

Rådmann informerte om gjennomføringa og resultatet av dei lokale lønstingingane for 2017. Det vart forhandla for alle lønskapittel. Ein gjorde nokre tilpassingar ut frå å rekruttere, behalde og tilpasse at leiarar har høgare løn enn dei som dei er leiar for. Ein kom i mål utan brot og innanfor fastsette rammer. Det vil alltid vere nokon som ikkje er nøgde etter slike forhandlingar.

Ei utfordring er statlege stillingar med same utdanningskrav og høgare løn enn kommunale stillingar. Det vart protokollert at ein skal fylgje opp denne problematikken.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

d) Arbeid med lønspolitisk plan

Handsaming:

Det vart informert om prosessen og arbeidet med lønspolitisk plan. Det er no kome innspel frå dei hovudtillitsvalte. Desse blir arbeida inn i planen og kommentert frå rådmann. Planen skal handsamast av administrasjonsutvalet.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

VEDTAK:

a) Arbeidet med heiltidskultur:

Informasjonen vart teken til orientering.

Administrasjonsutvalet understreka at det i retningslinene for heiltidskultur bør gå tydeleg fram at tilsette ikkje kan sei opp deler av stillinga si og rekne med å behalde så stor stillingsprosent som dei ynskjer. I nokre saker vil arbeidstakar og arbeidsgjevar ha samanfallande interesse.

Vidare at tilsette ikkje har krav på heil eller delvis permisjon utover dei årsakene og tidsromma avtaleverket, Arbeidsmiljølova og permisjonsreglement opnar for.

b) Lærlingar

Informasjonen vart teken til orientering.

Administrasjonsutvalet syns det er positivt at kommunen har eit høgt tal lærlingar og lærlingar innanfor ulike fag.

c) Lokale lønstingingar

Informasjonen vart teken til orientering.

d) Arbeid med lønspolitisk plan

Informasjonen vart teken til orientering.

Handsaming:

Rådmann informerte om prosess og høyringsutkast, konkrete tiltak, nedbemanning, prosessar, oppgåver og sørvis nivå innanfor dei enkelte tenesteområda, OU-prosessen på rådhuset og digitalisering. Bemanningsreduksjon vil bli løyst ved naturleg avgang, ein ser ikkje føre seg oppseiingar av fast tilsette. Oppgåvene, tenestene og sørvisbehovet skal ivaretakast.

Arbeidstakarrepresentantane understreka at ein må vere realistisk ut i frå dei økonomiske rammene samt at det er viktig med god informasjon, tidleg involvering og deltaking frå dei tilsette.

VEDTAK:

Informasjonen vart teken til orientering.

15/17

Open post

Handsaming:

-Oppfølging av tema dagen om «Partssamarbeid»

Arbeidstakarrepresentant Sagerøy ynskjer ein temadag for politikarar, leiarar og tillitsvalte om Hovudavtalen.

Handsaming:

Utvalet sluttar seg til dette ynskje. Rådmann vil ta tak i dette i samarbeid med organisasjonane.

VEDTAK:

Det vert arbeidd vidare med oppfølging etter temadagen om partssamarbeid.